



Dei seks skodespelarane var (frå venstre) Reidar Guddal, Hilde Olderkjær, Kjell Musland, Åse Neset, Ørjan Bakke og Christian Tveiten.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Omvikdalen ungdomslag kunne søndag kveld registrera at jubileumsrevyen "Gammelt og snytt" hadde vore ein stor suksess og eit verdig framhald av stolte revytradisjonar i vår nabodal..

Truleg var rundt rekna 430 til stades i Dalheim på dei tre framsyningane, fordelt med 100 på fredagen, 160 på laurdagen og 170 på sundagen. Uskedelingar har vore med i sentrale roller i revyen og mange uskedelingar har vore å finna på benkeradane.

Reidar Guddal, Kjell Musland, Åse Neset og Ørjan Bakke har spela revy i Omvikdalen før, og det er ikkje sjåvinisme når vi set ei ekstra stjerne ved uskedelingane Kjell og Åse. Kjells gamle menn er ubetalelege og Åse viste igjen at ho er eit revytalent, ikkje minst med parodien sin på ordførar Synnøve Solbakken. Ordføraren var sjølv på plass under framsyninga søndag og mora seg over nummeret. Ørjan Bakke var flink i rolla som Grenda-journalist medan nykommaren Christian Tveiten er eit sangtalent.

Orkesteret bestående av Jan Olav Træen, Helge Nordås, Tor Øystein Havnerås og Lars Storegjerdje fortener også ros for høg standard og det er ikkje noko problem å slutta seg til revykrumtapp Bjørn Skibenes når han kallar dette ein bygderevy av beste merke..

Meldingane som vart servert gjennom framsyninga var slike dei burde vera – stutte og poengterte. Instruktør Marit Sofie Lea har atter ein gong gjort ein stor innsats og bør ikkje minst berømmast for at skodespelarane snakka så klart og tydeleg.

Den einaste kritiske innvendingane vi i farten kan komma med er at nokre av sketsjane var i lengste laget. Det forhindra ikkje at fleire av dei var svært gode og poengterte, til dømes den som sette tilhøvet mellom Husnes og Rosendal i relieff.

Omvikdalen ungdomslag kom med andre ord svært sterkt attende som revylag etter åtte års pause. Når kjem ungdomslaget i vår dal på banen att med revy? Også vi har som ein veit stolte tradisjonar.....

Av Ola Matti Mathisen



Uskedelingar med ansvar for lys og lyd under revyen i Dalheim: Per Myklebust og Gunnvald Friheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

